



Lindås kommune  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/902 - 17/7466

Sakshandsamar:  
Sigvald Kvinge  
sigvald.kvinge@masfjorden.kommune.no

Dato:  
22.11.2017

## Melding om vedtak - revisjon og utviding av feietenesta

Vedlagt følgjer saksutgreiing og vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Sigvald Kvinge  
brannsjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Mottakere:

Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hovudverneombud			
Lindås kommune	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Modalen kommune	Postboks 44	5732	MODALEN
Solund kommune		6924	HARDBAKKE

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sigvald Kvinge	FA - M88	17/902

Saknr	Utval	Type	Dato
093/2017	Formannskapet	PS	19.10.2017
064/2017	Kommunestyret	PS	30.10.2017

### Revisjon og utviding av feietenesta

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vedtek å utvide feietenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar, samt ei stilling for administrative og merkantile oppgåver. Dette innafor sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiing og tilsyn av fritidsbustader.

**Heimel: Forskrift om brannførebygging av 1. januar 2016**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

I dag er feietenesta eit samarbeid mellom kommunane Gulen, Solund, Modalen og Masfjorden. Masfjorden kommune er vertskommune. Det er i dag tilsett ein feiar i tenesta som rapporterer til brannsjefen i Masfjorden og Gulen.

På bakgrunn av nye sentrale krav skal ein no også gjennomføra feiing og tilsyn på fritidsbustader, noko som for vår feietenesta meir enn doblar talet piper og eldstader.

Det er vedteke ei lokal forskrift for feietenesta, samt at ein har behov for å tilsette ein ny 100 % fast stilling som feiar. For å få ei mest mogeleg effektiv teneste er det også behov for å ha ein merkantil funksjon for å ivareta merkantile oppgåver.

#### Vurdering:

Dagens feietenesta er ei sårbar teneste i forhold til ivaretakelse av HMT fordi ein arbeider åleine. Dette vert ytterlegare forsterka når ein no også skal utføra feiing og tilsyn på hytter i fjellet og på dei ytterste øyane mot havet. For å kunne gjennomføre feiing og tilsyn i fjellet og andre avsidesliggende plassar må ein legga til rette for at ein ikkje arbeider åleine.

I oppstartfasen vil det vera meir arbeid knytt til administrative oppgåver. Konkret går dette på å registrera status og behov på den einskilde fritidsbustad, tal og tilstand piper, tal og tilstand eldstader, m.m. Dette kartleggingsarbeidet er ressurskrevande, men heilt naudsynt for å ha eit grunnlag for å vurdera, mellom anna, kor ofte pipa treng feiing.

Feietenste er basert på sjølvkost. Det er eit mål at feienenesta skal kosta det same i alle deltakarkommunane. I dag er avgifta litt varierande med ein differanse på ca 20 kroner.

Rådmannen vurderer det slik at det på grunnlag av dette er behov for å tilsette ein ny feiar i 100 % stilling og i tillegg ein delstilling knytt til administrasjon/merkantile oppgåver.

Ei slik løysing vil gje ei mykje meir robust teneste, betre ivaretaking av HMT enn den ein har i dag og vil bidra til ei teneste som vil gje eit fagleg godt miljø, samt ei god og framtidsretta teneste.

**Konklusjon:**

Masfjorden kommune vedtek å utvide feienenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar, samt ei stilling for administrative og merkantile oppgåver. Dette innanfor sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiring og tilsyn av fritidsbustader.

**Formannskapet - 093/2017**

**FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til endring i andre setning i framlegg til vedtak:

Administrative og merkantile oppgåver for feienenesta skal løysast ved eigne, interne ressurser.

Framlegg til vedtak med endringa jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune vedtek å utvide feienenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar. Administrative og merkantile oppgåver skal løysast ved eigne, interne ressurser. Dette innanfor sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiring og tilsyn av fritidsbustader.**

**Heimel: Forskrift om brannførebygging av 1. januar 2016**

**Kommunestyret - 064/2017**

**KS - behandling:**

Saka vart dørfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Masfjorden kommune vedtek å utvide feienenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar. Administrative og merkantile oppgåver skal løysast ved eigne, interne ressurser. Dette innanfor**

**sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiing og tilsyn av fritidsbustader.**

**Heimel: Forskrift om brannførebygging av 1. januar 2016**